



DEN 19. HANDBALLFESTIVALEN PÅ STORD

Møt opp og sjå festivalopptoget laurdag 10. mai.
Det startar frå Leirvik skule kl. 11.30 og endar opp på Torget.





Ordføreren helsar!

Kjære festivaldeltakarar!

Like visst som at våren kjem, går ei av dei største hendingane som me alle ser fram mot - nemleg Handballfestivalen - av stabelen! Det er eit fyrverkeri av ein festival, der born, unge og vaksne gjev oss alle ei fargesprakande og minnerik helg. Ein fest og eit sportsleg arrangement det går gjetord om både vidt og breitt!

På ny skal det sprute i grusen, på ny skal heiarop fylla lufta, pokalar skal løftast og sveitte drakter hengast til opp. Det skal vera glede over siger, og kanskje litt mismot over tap, men viktigast av alt er å ha det kjekt saman, og å få ei oppleving som de vil bera med dykk gjennom livet.

Det er lagt ned ein formidabel dugnadsinnsats, og mange, mange timar med frivillig arbeid vil vera utført før den siste slukkar lyset mandag kveld. Desse vil me på det varmaste få takke for det engasjement og innsats som er lagt ned både før, under og etter arrangementet.

Då gjenstår det berre å ynskje dykk alle hjarteleg velkomen til Stord. Eg vonar det vert ei flott helg som de vil hugse attende på med glede!

Beste helsing
Liv Kari Eskeland
Ordførar i Stord



www.stordhandball.no
www.handballfestivalen.no



Velkomen til tidleg pinse på Stord!

Pinsen i år kom svært tidleg, og soleis kom også Handballfestivalen veldig tidleg i forhold til tidlegare år. Likevel har me gjort alt me kan for at arrangementet skal gå like smertefritt som det pleier. Me vonar på at værgudane også vert på vår side i år. Dei 18 åra Handballfestivalen har vorte avvikla, har me nesten alltid hatt bra vær - dette er noko me som arrangørar er svært glad for.

Årets turnering vert avvikla for 19. gang. Stord IL, handball som arrangør er stolt over kontinuteten i arrangementet vårt og me vonar på at alle deltakarar, leiarar og andre besøkjande for ein svært positiv oppleving med å vera på Stord i Pinsen. Om lag 2000 gjester kjem frå heile Hordaland og deler av Rogaland, det er me svært takksame for. Me gjer vårt beste for at alle skal ha eit bra opphald på Stord og sitt att med mange gode minner når de reiser heim.

For at Handballfestivalen skal kunne avviklast er me avhengige av mange friviljuge. Alle medlemmer og føresette i klubben vår stiller opp og jobber masse dugnad denne helga - faktisk over 4000 timar! Det er kjempe bra og eg som turneringsleiar er svært stolt over denne innsatsen! I tillegg til eigne medlemmer så leiger me inn andre idrettslag/grupper som hjelper oss - noko me er avhengig av for å få vakter på skulane.

Til slutt vil eg ynskja alle lukke til med deltaking på Handballfestivalen 2008!

Venleg helsing
Stord IL, Handballgruppa
Handballfestivalen 2008

Kjartan B. Grov
Turneringsleiar



Resultat på skjerm

I år vil du kunna sjå kampresultata på skjerm. I staden for å henga opp lause ark, skal Einar Balle og resten av arrangørane oppdatere jamleg på skjerm i nyehallen. -Med ein data-maskin kan me enkelt oppdatere listene. Me slepp då å springe fram og tilbake med lappar heile tida, fortel Einar Balle. Det er til saman sat opp 8 skjermar der det vert vist bilete frå festivalen på to av dei.

Det vil også bli mogleg å sjå resultata på Stord handball sine nettsider (www.stordhandball.no), avsluttar Balle.

Bankterminal på festivalområdet

I sekreteriat er det banketerminal, her er det rå å få ut inntil kr 500,- pr uttak så lenge sekreteriat er ope.



MED OL I SIKTE

Tekst : Runar Øvrebø - Foto: Linda Ribesen

Rune Skjærvold drømmer om Beijing og OL-spel med herrelandslaget i Kina til hausten

Det kan bli ein verdig avslutning på ein lang og opplevelserik landslagkarriere for den sympatiske høgrekanten.

- OL er draumen og det optimale for alle som driv med idrett og set seg høge mål. OL er og blir noko spesielt. Skulle vi klare å kome oss gjennom ein tøff kvalifiseringsrunde er det berre til å opne alle sansekanalane og få med seg alt som skjer under OL-turneringa i august.

Knallhard

Men Noreg står føre ein tøff kvalifiseringsrunde i Paris i løpet av juni månad.

- Det er ikkje mange som trur vi klarer å kome oss med til Kina. Vi har mista fem spelarar på grunn av skader og andre årsaker.

Her møter vi Spania, Frankrike og Tunisia. Vertane Frankrike er kanskje verdens beste lag og knallharde med verdensstjerner på alle plassane. Spania har vist litt dalande formkurve. Så mot Spania og Tunisia har vi kanskje vår sjanse. Uansett, vi reiser til Frankrike for å kjempe om retten til å delta i OL, seier 33-åringen, som må sjå Noreg klare seg utan Glenn Solberg, Frode Hagen, Jonny Jensen, Jan Thomas Lauritzen og Kristian Kjelling.

Lader opp på Gran Canaria

Skulle Rune Skjærvold og landslaget klare jobben i Paris ligg det an til kort ferie for trønderen i denne

omgang,

- He- he det ser slik ut. Men familien har alt sikra seg billetter til Gran Canaria.

Er det ikkje freistande å trappe ned og nyte late feriedagar på Stord?

Kanskje det. Det tar mye tid, men eg har verdens beste kone som lar meg leike med ballen samtidig som eg føler meg fin i kroppen. Andre som har gitt seg slit med skader og koner som set foten ned, seier Skjærvold.

Ti av ti

Etter over tretten år på toppnivå med landslaget og proff i Tyskland og Danmark sit trønderen at med mange gode minner. Oppturar og nedturar.

- Den feitaste opplevinga hadde eg med Viking då vi spela Champion League mot Kiel i Tyskland.

Der skåra eg ti mål på ti sjansar. Nedturen kom klart under EM på heimebane. Å gå glipp av semifinalen på Hamar var bittert, innrømmer Stord sin toppscorar med 180 mål denne sesongen.

Spenst og hurtigheit

Etter lang fartstid på høgrekanten kjem Skjærvold følgjande råd og tips om du skal bli ein god kantspelar:

- Du må ville trene mykje og studere video av spelarar som er betre enn deg. Du må ha spenst og hurtigheit så kan du bli så god som berre du vil om du trenar hardt, seier Rune Skjærvold, som ser på Geir Harald Sjurseth og Christian Spanne som den nye generasjonen på høgrekanten.

-Dei manglar litt musklar, men det kjem.

Gir kjeft

Rune Skjærvold røper at livet på høgrekanten kan bli eit liv i skuggen av storskyttarane som Kristian Kjelling og Frode Hagen i midten.

- Vi kjefta heile tida på dei og ber om at vi blir involvert i spelet. Men spelet til det norske landslaget er knytta opp mot desse, seier Skjærvold som trekk fram danskane som eit godt døme på kva du får om du nyttar kantspel.

- Dei har ein klar filosofi og ein spelarstil der kantspelet er ein del av suksessoppskrifta til Ulrik Wilbek. Difor vann dei og EM dette året, seier Rune Skjærvold som er klar for oppdrag på austlege breiddegrader til hausten.

- Eg er glad i kinamat så det skal gå bra, lover Rune Skjærvold som uansett kva som skjer med OL og VM kvalifiseringskampar satsar vidare med Stord.

Fakta: Rune Skjærvold, 33 år

Gift med Linda og to barn, Emilie og Leah
Yrke: Grafisk designar

Landskampar: 108 A-landslaget - 222 mål
Debuterte mot Island 1. september 1995.

Tapte 23-27.

Tidlegare klubbar: Kolstad, Heimdal, Stavanger IF, Viking, Tussem Essen, Bjerringbro, Aalborg og Stord.

Favorittspelar: Irfan Smajlagic, kroatisk høgrekant på 90-talet.



Kjartan Grov med sitt instrument

Nygift festivalleiar med lopper i blodet

Tekst av Runar Øvrebø, Foto : IBOX

For åtte år sidan sa Kjartan Grov nei til militærliv og skytebane. I staden blei det ja til sivilteneste og Handballfestival. Sidan har lysluggen lyst opp på Vikahaugane og styrt festival-skuta med sikker hand. Alt no gler Kjartan & Co seg til festivitats og 20-årsjubileum i 2009. "Det har vore gøy å vera ansvarleg for HF. Du får sjå eit positivt resultat av jobben me utfører. Mange personar er med og dreg lasset og me ser det blir bra".

Festivalleiar hadde lenge sikker jobb i BKK og SKL og heldt styr på gatelys og var myndig klubbleiar på jobben. Men det klødde i fingrane for

Fakta: Kjartan Grov

31 år og nygift.
Yngste bror av tre brør.
Født og oppvekst tre minuttar frå Vikahaugane
Nyleg flytta i nytt hus i same området.
Gift med Marita.
Festivalleiar sidan 2002
Driv Grov Grasklipp og festivalleiar.

energibunten til å realisere sin eigen draum. Starte eige firma.

Grasklypping

Då såg Grov Grasklypp dagens lys
- Det har vore ein draum sidan eg var 13 år. Men kunne eg leva av å klyppa gras? Men det har gått over alle forventningar. No har eg utvida drifta og driv og med vaktmeisterenester og anna hagearbeid.

Kjæraste

For fire år sidan var det mange som lurte om Kjartan var tapt for HF og idretten. Det dukka opp ei jente som hette Marita og som hadde fått hjarte i brann hos den fagre guten i frå Bjelland.
- Dette har heldigvis latt seg kombinere, smiler Kjartan, og ser bort på kona.
Sjølv om eg no er litt meir glad i å vere heime enn då eg var ungkar og spelemann. Eg har heldigvis ei tolmogig kone som er vand med at det er mange aktivitetar – der det ikkje alltid er lett å følgja med kva eg held på med.
Familien min er viktig for meg. Der eg har mange onkel og tantebarn som eg brukar tid saman med, seier Kjartan.

Når du les denne reportasjen så er festivalleiar på høgt turtal. Mykja skal ordnast opp i. Men i kjent stil og med smil kjem Kjartan trygt og godt i hamn.



Frå venstre: Sondre Egeli Øvrebø og Magnar Langeland

VIKINGANE KJEM!

Tekst og foto : Runar Øvrebø

Magnar og Sondre er klar til å "erobre" årets Handballfestival på Stord til helga. " Dei tøffe vikingane " sjarmerte alle då dei stakk av med beste innslag i toget blant Stord-laga. Då med vikinghjelm og fullt utstyr skremte dei jurien til å stemme på dei.
- Vi skal visa at vi er skikkeleg "fightare" både på utafor banen, lover Sondre Egeli Øvrebø, som spelar på Stord G15. Men i årets handballfestival må dei stille i G16-klassen. Ingen lag "vågde" å stille opp mot vikingane" frå Stord.
- Dårleg gjort, men vi skal skremma

livskiten ut av 16-åringane, seier viking-sjef og målvakt Magnar Langeland, som er kampklar døgnet rundt. Stord-gutane har vore med i alle Handballfestivalane har dei begge vore med sidan dei var 9-år. Frå 12 årsklassen var dei i tre strake finalar. Men måtte bite i det sure eplet tre år på rad mot Bjørnar. Nærmast var dei i 2006 då dei tapte på "sudden death".
På ny lover Magnar og Sondre og selje seg dyrt. Men det skal være mye gøy og sosialt i tillegg, seier dei blide 15 års-gutane frå Stord.

TIDSPROGRAM

Handballfestivalen har mange ulike aktivitetar som er svært viktige og kjekke å få med seg.

Me vil oppfordra alle til å få med seg dette:

- Laurdag kl 11.30: Toget med ca 2500 deltakarar går frå Leirvik skule til torget.
- Laurdag kl 12.00: Opning på torget. Stemninga er svært høg!
- Laurdag kl 13.00: Dei første offisielle kampene startar på 17 banar.
- Måndag kl 12.00: Om lag 1000 deltakarar i alderen 10-12 år for utdelt medaljar. Dette skjer i nye hallen og er svært stemningsfullt og rørende.
- Måndag frå ca kl 10.00: Finalane byrjar (følg med på kampoppsett på www.handballfestivalen.no for eksakte tider).
- Under heile helga er det eit yrande liv på Vikahaugane. Alle bør ta seg ein tur opp å sjå på dette store arrangementet!

Viss de lurar på noko så kan de ringja sekretæriatet for Handballfestivalen. Det er bemanna 24 timar i døgeret og telefon er **53 40 09 90**.



Stine Egerli Øvrebø (18) satsar høgt mot nye mål i håndballen

Høyt og lavt og godt humør!

Tekst og foto: Marte Forland

Stine Egerli Øvrebø er den som har utvikla seg mest i år blant damespelarane på Stord. Ho har alltid hatt eit godt forhold til handballfestivalen.

Etter 2007/2008-sesongen mottok Stine Øvrebø (18) og Tobias Gjertsen kvar sin pris for beste utvikling innan dame- og herrelaget til Stord. Stine, som er både fødd og oppvaksen på Stord ville gladeleg stille til intervju med handballfestival-avisa.

- Kvifor trur du eigentleg du fekk denne prisen? Stine ler litt flaut. - Eg veit eigentleg ikkje. Eg har jo jobba hardt, så det kan jo vere delar av grunnen. Det er trenarapparatet til Stord sitt damelag som har kåra vinnaren, men lagvenninnene

Å vinne ein pris for beste utvikling er kjekt med tanke på kor hardt ho har jobba det siste året, men

det er og ein motivasjon til å fortsette å utvikle seg. - Å få ein pris for innsatsen min får meg jo berre til å jobbe enda betre, seier jenta med det smittande gode humøret.

Sjølvsagt har Stordabuaren og vore med på handballfestivalen. Bortsett frå i fjor, då ho studerte utanbys på NTG (Norges toppidrettsgymnas), har Øvrebø deltatt på festivalen kvart år sidan ho byrja å spela handball. - Det var litt trist å ikkje kunne vere med i fjor, sidan det var siste året eg kunne delta.

Men sjølv om Øvrebø ikkje skal spela på handballfestivalen, er ho på plass i år og, som trenar for Stord j12. Ho blir mest sannsynleg og sett på banen, med fløyte i handa. Handballfestivalen er i hovudsak ei turnering for dei yngste, så då må Stord sine eldre spelarar trå til som dommarar. Øvrebø synes Handballfestivalen er ei super turnering for dei yngste.

Øvrebø eit godt førebilete for deltakarane i årets handballfestival, både med det gode humøret sitt og med best utvikling i år. Ho meiner at med godt humør og ståpåvilje, kan ein gjere det bra. Og aldri gje opp. - Det er ikkje alltid dei som er best som tolvåringar som er best når dei vert 25, avsluttar Stine som ei oppmuntring til dei som ligg litt i skuggen av andre på laget.





HANDBALLFESTIVALEN 2008 STORD

STEMNEKONTOR/SEKRETARIAT

Stemnekontoret er i nye hallen, innafør sjølve hallen. Kontakt oss om store eller små problem.

Turneringstelefon: 53 40 09 90

VIKTIG OM KAMPOPPSETTET

Ved ankomst, sjekk kamppoppsett for evt. endringar. Finn ut kva plass laget ditt kom på i grunnspelet. Då er det lett å finna tidspunkt og bane for kampene i sluttspellet på søndag. Alle resultatata vert hengt opp i gangen i Nyehallen etter kvart som dei kjem inn. Vi kjem og til å prøve oss med ein visning av tabellar og resultat på dataskjermer. Dette kan du sjå i resepsjonen i Nyehallen.

Kamppoppsett er tilgjengeleg på heimesida www.handballfestivalen.no eller ein kan venda seg til sekretariatet.

PROTEST

Dersom det skulle bli nødvendig å protestera, må protesten skriftleg inn til stemnekontoret seinast ein time etter kampen. Protestgebyr: Kr. 500, Jury: Hans Petter Andersen, Andreas Berntsen og Trond Arnevik.

TURNERINGSREGLEMENT

Under kampene gjeld NHF sitt kampreglement for turneringar. NB! Aktivitetsserie G/J 10-11 spelar med 6+1 spelarar.

PULJER/SPELESYSTEM

Speletid: J/G 10-14: 2 X 10 minutt, J/G 15-17: 2 X 15 minutt. Innleiande serie der dei beste går til A-sluttspel og resten til B-sluttspel (I nokon klassar er det kun A-sluttspel.). Kamppoppsett og sluttspeloppsett ligg på nettet.

PULJERESULTAT/CUPRESULTAT

Ved poenglikhet i puljespel skal rekkjefølgja avgjerast slik:

- 1) Innbyrdes kamp Om meir enn to lag har likt antall poeng blir det "ny" tabell for desse laga.
- 2) Målskilnad innbyrdes kampar
- 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
- 4) Målskilnad alle kampar i pulja
- 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
- 6) Loddtrekning.

Eit lag må spela alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspellet. Lag som spiller med dispensasjon er merket ** i kamppoppsettet, og ender sist i puljespelet. Dei får spela første kamp i B-sluttspellet, men vil uansett tape denne kampen.

I sluttspellet skal «første målet vinner» brukast ved uavgjort resultat etter ordinær tid. I sluttspellet kan speleforlenginga bli inntil 5 minutt ved fortsatt uavgjort resultat. Dersom stillinga er uavgjort etter 5 minuttar speleforlenging vert kampen avgjort med myntkast.

I finalane vert det spelt «første målet vinner» inntil kampen er avgjort.

Ved uavgjort resultat etter ordinær tid i sluttspellet vert det brukt loddtrekking for å avgjera kva for lag som skal starta med ballen når det skal spelast "første målet vinner".

LAGET SOM STÅR FØRST I KAMPOPPSETTET

Startar med ballen, startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

PREMIERING TIL BESTE KLUBB

10.000 til beste klubb etter ein spesiell poengskala. 5.000 til nr 2. Pengepremien kan ikkje STORD vinna. J/G-10-11 er ikkje med konkurransen.

Klassar med fleire enn 20 lag:
Vinnar A-sluttspel: 8 p
Toar A-sluttspel: 6 p
Vinnar pulje: 4 p
Tapar semifinale A-sluttspel: 3 p
Vinnar B-sluttspel: 2 p
Toar B-sluttspel: 1 p

Klassar med 10-20 lag
Vinnar A-sluttspel: 6 p
Toar A-sluttspel: 4 p
Vinnar pulje: 3 p
Tapar semifinale A-sluttspel: 2 p
Vinnar B-sluttspel: 1 p

Klassar med mindre enn 10 lag
Vinnar A-sluttspel: 4 p
Toar A-sluttspel: 2 p
Trear A-sluttspel: 1 p

FAIR-PLAY

Under finalekampene måndag blir det delt ut Fair-play pokal til klubben med best oppførsel.

BANER

1 Nyehallen
2 Gamlehallen
3 Rackethallen.
4-13 Kunstgraset
14-17 Skeisebanen
18 Stord ungdomskule

BESTE KLUBB HISTORIKK

1990: Giv-Akt
1991: Åkra
1992: A.I.L./Bjørnar
1993: Tertnes
1994: Brønnaldalen
1995: Tertnes
1996: Bjørnar
1997: Bjørnar
1998: Bjørnar
1999: Kjølkelvik
2000: Kjølkelvik
2001: Bjørnar
2002: Kjølkelvik
2003: Fyllingen
2004: Fyllingen
2005: Fyllingen
2006: Fyllingen
2007: Askøy

PRAKTISK INFORMASJON

ORDENSREGLAR PÅ SKULANE

• Når laget kjem til tildelt klasserom, må bord og stolar stuast vekk inne i same rom. VIKTIG! Dei skal ikkje setjast ut på gangen, av omsyn til frie rømningsveggar i fall brann eller andre nødsituasjonar.

• Alle må gjere seg kjend med rømningsveggar, nødutgangar, brannmeldarar og slukkeutstyr. Gå gjennom branninstruks og plukk ut felles samlingsplass i tilfelle ein nødsituasjon.

• Det er strengt forbode å bruke open ild / røyking innendørs. Ver merksam på brannfaren ved grilling.

• Det er ikkje tillatt med vannballongar på skulen sitt inne- og uteområde.

• Den enkelte lagleiar er ansvarlig for at det er ro på romma i rimelig tid om kvelden.

• Boss skal samlast i sekker (kan hentast ved vakta) og skal bringast til vakta.

• Før avreise skal romma ryddast og kostast. Stolar og bord skal ryddast tilbake slik dei stod når de kom til rommet. Ingen lag drar frå skulen før klasserommet er inspisert/godkjend saman med vakta.

• Legg ikkje igjen pengar, mobiltelefonar mp3-spelar/ipod og andre verdisaker på rommet!

• Handballfestivalen er eit rusfritt arrangement.

• Respekter elevane som som låner ut klasserommet sitt. La dei kome attende til eit like fint rom etter endt handballfestival.

• Dersom brannalarmen går - forlat skulen straks. Lagleiar skal samla laget sitt utanfor skulen (på avtala samlingsplass eller ved flaggstang/på skuleplassen). Lagleiar er ansvarleg for oppteljing av sine lag og melder tilbake til vaktene.

NB !! ALLE LAG MÅ PAKKA OG SJEKKA UT ROMMA SINE INNAN KL. 10 PÅ MÅNDAG

LAGSFOTOGRAFERING

Fotografen er i Gamlehallen laurdag kl. 13-22, i Bordtennislokalene, sjå skilt. Laga vert oppfordra til å ta bileta når første kampen er avvikla. Dersom nokon ynskjer portrettbilde i tillegg, kan dei avtale dette direkte med fotografen (vert tatt på sundagen og må betalast av laga sjølv). Bildene kan hentast i sekretariatet på måndagen, samla for heile laget, og vi har bilde til lagleiar også.

SERVERING MAT I "TURNKASSEN"

Frukost og middag vert som vanleg servert i Turnkassen vegg i vegg med "Nye hallen". Fylgjande opningstider vert det:

Laurdag:
Frukost: 07:30-10:00
Middag: 13:00-17:00 (kylling m/ris)

Sundag:
Frukost: 07:30-10:00
Middag: 13:00-17:00 (kjøtkaker)

Måndag:
Frukost: 07:30-10:00
Middag: 12:00-15:00 (pølse m/potetstappe)

TRANSPORT UNDER FESTIVALEN

Dei laga som bur på Sagvåg, Hystad og Rommetveit skule kan tinga transport. Dette kan gjerast ved å ringja til sekretariat 53 40 09 90 i så god tid som mogleg.

FØRSTEHJELP / SKADESTOVE

Førstehjelparane er stasjonert på ungdomskulen. Kontakt med lege eller tannlege skjer gjennom dei.

PARKERING

Beste parkeringsplassen er ved Stord vg. skule - Saghaugen og ved Stord vg. skule - Vabakkjen. Det er også mogleg å parkera ved Biltilsynet, bak Stord Hotell og ved Stord Kulturhus. Ingen av desse plassane er meir enn 5 minuttar unna festivalområdet. Det er kun bilar med adgangskort som har løyve til å kjøra inn på festivalområdet - dette bed me alle respektera. Dei med campingvogn må venda seg til sekretariat for tilvisning av plass.

Me bed alle respektera at Bjellandsvegen og område rundt brannstasjonen ikkje skal nyttast til pakering (hugs at brannbilane må ha fri utgang!).

PROGRAM FOR FRITIDSAKTIVITETAR

Lørdag 10.05.08

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl 08:00 - 23:00
Putekrig på bukk kl 08:00 - 24:00
Tog frå Leirvik skule, oppstilling frå kl 11:00, avgang 11:30,
Opning på torget kl 12:00
Badning i Kulturhuset (påmelding i sekr.) kl 15:00 - 21:00
Skattejakt i undervannstank kl 15:00 - 19:00
Grillfest (skuleplassen ved ungdomskulen) Varme Griller til bruk for deltakerene kl 19:30 - 23:00
Grand Prix (påmelding i sekretariatet laurdag frå kl 13.00, begrensa plasser, maks 4 lag pr klubb)kl 20:00 - 23:00

Søndag 11.05.08

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl 08:00 - 23:00
Putekrig på bukk kl 08:00 - 24:00
Skattejakt i undervannstank kl 12:00 - 19:00
Badning i Kulturhuset (påmelding i sekr.) kl 09:00 - 21:00
Hesteriding ved Vikastemno (Andedammen) kl 14:00 - 17:00
Diskotek 10 - 13 år kl 19:30 - 21:30
Diskotek 14 - 18 år kl 22:00 - 00:30

Måndag 12.5.08

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl 08:00 - 17:00
Putekrig på bukk kl 08:00 - 17:00



2008

takkar for støtte:

Adidas

Aker Solutions

Asator

Asko Vest

Bakeriet Frugård

Bladet Sunnhordland

Eiendomsmegler Vest

Engevik & Tislevoll

Engevik Byggsenter

Fjellstova

Fjord 1

Grand Hotell

Grov Grasklypp

Harald Vallestad Agentur

Hardanger Transport

Henning Olsen Is

Høgskulen Stord Haugesund

Ibox

KPMG

Leirvik MT

Leirvik Varetaxi

Sport 1 Stord

Sagenes Matsenter AS

SIM Næring

SKL Breidband

Spar Haga

Sparebanken Vest

Statens Vegvesen

Stord Idrettspark

Stord kommune

Sunnhordland Bil

Sunnhordland Eiendomsinvest

Sunnhordland Kraftlag

Vest Catering

Vibe Reingjeringservice


W. Engelsen AS

Medlemmer, foreldre og andre som har vore med å hjelpt til!



BANE Nr.

1. Nye hallen
2. Gamle hallen
3. Racket hallen
4. Kunstgras
5. Kunstgras
6. Kunstgras
7. Kunstgras
8. Kunstgras
9. Kunstgras
10. Kunstgras
11. Kunstgras
12. Kunstgras
13. Kunstgras
14. Skeisebanen
15. Skeisebanen
16. Skeisebanen
17. Skeisebanen
18. Ungdomsskolen



INFO Aktivitet etc.

- (A)
- A. Sekretariatet
 - B. Kantine
 - C. Samling tog til torget
Leirvik skule
 - D. Skade stove
 - E. Buss stopp
 - F. Grillfest / Grand prix
 - G. Diskotek
 - I. Sand volleyball
 - J. Dykkertank
 - K. Oppstilling
premieutdeling
 - L. Hesteridning
 - M. Basseng/Kino
Stord kulturhus
 - P. Parkering

OVERSIKTSKART



KART OG BESKRIVELSE AV BANAR:

Banane på Handballfestivalen er mange ulike typar, her er ein beskrivelse av dei:

- Bane 1 Nye hallen, Hovudbanen, internasjonale mål
- Bane 2 Gamle hallen, publikumsvenleg og intim hall
- Bane 3 Rackethallen, ikkje så gode forhaold for publikum - men bra for spelarane.
- Bane 4-13 Ligger på kunstgras, banestorleik er 19,4x32 meter. Det er her tilete å bruka sko med knottar.
- Bane 14-17 Ligger på skeisebanen med betongdekke, banestorleiken er 20x40 meter. Ved sol kan det vera ein fordel å bruka solbriller, desse må vera av plastmateriale som ikkje kan knuse.
- Bane 18 Ligg på asfalt, banestørrelse er 18x36 meter. Dette er en aktivitetsbane.

GRAND PRIX:

På laurdag kveld er det Grand Prix på scenen ved ungdomsskolen, det er påmelding i sekretariatet frå klokka 13.00 på laurdag. Det er begrensa antal lag som kan bli med. Første mann til mølla...

Fylgjande melodiar skal nyttast:

- Yesterday
- Rocketroll (Det var en gang et troll ...)
- Lille Petter Edderkopp
- Amandus Dokkemann

Arrangør:
Telefon:
E-post:

Stord Handball, pb. 436, 5403 Stord
53 40 09 90, faks: 53 41 63 55
hf@stordhandball.no
www.handballfestivalen.no

Design & Layout:
Trykk:

IBOX profilhuset
Sunnhordland

Me støttar Stord Håndball:



COACH SANDTORV
DEVELOPMENT



ENGELSEN

W. Engelsen Ettf. as

LEIRVIK
MODULE TECHNOLOGY

Grand Hotell

FARGERIKE
HEIANE

SØRAL
SØR-NORGE ALUMINIUM A/S

Comfort

Stord - Bømlo

Rørlegger med hjerte for faget

Hos oss får du utført alt fra enkle serviceoppdrag til større prosjekt. Me er behjelpelige med planlegging og praktisk utføring av:

- hus / industri installasjon
- sanitær
- varme
- gass
- industri
- fiskeoppdrett

Opningstider:

Stord: mandag - fredag: 9 -17 laurdag: 10 -14

Bømlo: mandag - fredag: 9 -16 laurdag: 10 -14

TRYGGHETS-
GARANTI
§

Stord Rørleggerforretning AS
Ringveien 32 Heiane, 5412 Stord
Tlf 53 40 90 40
stord@comfort.as
www.comfortstord.no

Helle AS 5430 Bremnes
Tlf 53 42 81 50
bremnes@comfort.as
www.comfortbremnes.no

• Vann • Varme • Sanitær • Gass



KIWI mini pris

SKL naturgass

– eit økonomisk og komfortabelt energialternativ!



altibox
internett tv film telefoni

FRAMTIDENS BREDBÅND:

I en og samme fiber-optiske kabel får du raske internettlinjer, et variert tv- og filmtilbud pluss sikker og rimelig telefoni. Og det er bare det vi kan tilby av tjenester i dag. I årene fremover vil vi legge til nye tjenester uten at det går ut over hverken hastigheten eller kvaliteten på noe av det du får hjem til deg. Har du Altibox, har du framtidens løsning.


- Virkelig raskt internett – opptil 50 Mbit/s
- Over 70 kanaler på krysstallklart HDTV
- Filmleie
- Gratis tellerskritt til fasttelefoner i hele Norden
- Fem e-postadresser og egen hjemmeside
- En av markedets beste sikkerhetspakker

Få både i pose og sekk. Få Altibox.

WWW.SKLB.NO

SKL breiband, Postboks 24, 5401 Stord
Telefon 53 49 60 70, post@sklbb.no

SKL breiband



Skohandlar Hillestad

• Siden 1989 •

Borggata 16 - Stord - Tlf 53 41 39 33

Støttar Stord Håndballen!

Stord
diabol
as

PULSKLOKKE

-50%



Avansert pulsklokke med ulike treningsprogram og stoppeklokke. Klokken måler gjennomsnittspuls.

Nå kr **199,-**
Før kr 399,00

 **APOTEK 1**
Vår kunnskap - din trygghet


Apotek 1 Stord. Amfi Stord, 5411 Stord. Tlf. 53 45 60 30 - faks 53 45 60 31.
Åpningstid: mandag - fredag 9-19, lørdag 9-15.

Flooring

Støtter lokal idrett



Me ynskjer
Stord handball
lykke til
med årets
festival!




GANT

THE WORLD IS YOURS

ALVO
INWEAR
JEAN PAUL
MARIO CONTI
PART TWO
RICCO VERO
HENRY CHOICE
GANT

Vårens nyheter fra GANT herre er nå i butikken!

Åpningstider:
Man. - fre. 9-18 • Lør. 9-15

VIC 

Leirvik manufaktur, tlf. 53 41 03 22, man. - fre. 9-18 lør. 9-15



GROV ELEKTRO

-Installasjon -Enøk
-Service -Smarthus-
-Kontroll løysingar

Nattrutekaien 6 Tlf. 53 40 30 80
Pb. 116, 5401 Stord post@grovelektro.no
www.grovelektro.no

citybag[®] 

John Fadnes A/S, Borggt. 9
Tlf: 53 40 20 10

PUMA

PUMA Sko - 50 % rabatt.
Puma vesker - 30 % rabatt

Gjelder kun lørdag 10. mai
og ikke på nyheter.




Solbriller til reisen!

OAKLEY
RAYBAN
JUST CAVALLI
CHANEL
GUCCI
POLAROID

ARMANI
RODEN STOCK
YVES SAINT LAURENT
DIOR
OXYDO
BOSS

Solbriller med styrke Fra **998,-**

KONTAKT-
LINSER
kjøper du
også hos oss!

interoptik
Sele

AMFI Stord Tlf. 53 40 29 30
www.interoptik.no

Glass & Bygg Teknikk

Tlf. 53 40 10 10 • Faks. 53 40 10 11 • post@glasbygg.no

- Alt i glasarbeid
- Tømrerarbeid
- Røyrleggjar
- Vindu og dører i tre og aluminium
- Ring for tilbud
- Døgnservice

 Team Partner



TILBUD i pinstihelga!

BULLDOG DRESS
200,-

**HANDBALL
KNALLPRIS**

Gode merkevarer
PEAK - BERGANS - NORRØNA

HANDBALL/FRITIDS SKO -50%

Elles masse gode tilbud i teltet



Tlf. 90870640



Sponsor for Stord Handball

For å skapa trivsel, vekst og utvikling på Vestlandet er me avhengig av den same entusiasme og glød som driv Stord Handball i sitt daglege virke for breiddehandballen.

Som generalsponsor for Stord Handball ønskjer me deltakarar og støtteapparat lukke til med Handballfestivalen 2008.